



UNIVERSITETET I BERGEN

**Universitetet i
Bergen**
Institutt for klinisk
odontologi

Jobbnorge-ID: 104494

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Førsteamanuensis (20 %, mellombels, bistilling) i odontologi (oral kirurgi og oral medisin)

Ved Universitetet i Bergen, Institutt for klinisk odontologi, er det ledig ei mellombels stilling som førsteamanuensis (20 % mellombels, bistilling) i odontologi (oral kirurgi og oral medisin) for ein periode på fire (4) år. Arbeidsstad er Institutt for klinisk odontologi, Det medisinsk-odontologiske fakultet, Årstadveien 19, Bergen. Bistillinga er kombinert med hovudstilling ved Kjevekirurgisk avdeling, Haukeland universitetssjukehus.

Ei omtale av stillinga med nærare presisering av fagkrins og ansvarsområde, særlege plikter og andre tilhøve som vil verte lagd vekt på ved tilsetjinga, kan ein finne lengre nede på denne sida.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til instituttleiaren professor Anne N. Åstrøm, tlf.: 55 58 66 04, e-post: Anne.Astrom@iko.uib.no eller professor Trond Inge Berge tlf.: 55 58 65 92, e-post: Trond.Berge@iko.uib.no

Løn

Førsteamanuensis vert lønt etter lønnssteg 59-62 (kode 1011/lønnsramme 24.3-24.6) i lønsregulativet til staten, og vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Kvalifikasjonar

For å verte tilsett i stilling som førsteamanuensis må ein ha relevant norsk doktorgrad eller tilsvarande kvalifikasjonar. Det vert vidare kravd dokumentert vitenskapleg kompetanse i samsvar med kompetansekrav for vitenskaplege stillingar ved Det medisinsk-odontologiske fakultet.

Søkjarane må ha spesialitet i oral kirurgi og oral medisin.

Det vil verte lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Det vert kravd at den som blir tilsett, kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga.

Retningslinjer

Den som vert tilsett har plikt til å ta del i undervisning og eksamen etter dei studieordningane som gjeld til ein kvar tid, og utan godtgjersle å rette seg etter dei endringane som gjennom lov vert vedtekne om fagkrins, pensjonsordning og aldersgrense.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse kan den som vert tilsett også verte pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvolter i Personalreglementet for vitenskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar utvida offentleg dokumentinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinjene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad

Slik søker du stillinga:

Send søknad og CV som inneheld fullstending oversikt over tidlegare utdanning og tidlegare arbeid/erfaring, samt vedlegg elektronisk via lenka «Søk stillinga» på denne sida.

Legg ved elektronisk:

- o CV
- o vitnemål
- o attestar
- o fullstendig publikasjonsliste
- o liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar
- o ei liste over vitenskaplege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysningar om kvar dei er offentleggjorde
- o **vitenskaplege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maks 10 for førsteamanuensis)**

Det er særskilt viktig at kvart av dei vitenskaplege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg til søknaden.

Søknadane vert sendt elektronisk til den sakkunnige nemnda.

Vi gjer merksame på at søknader vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Det er søker sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er sendt inn innan fristen.

Ein viser elles til "Midlertidige regler om framgangsmåten ved tilsetjing i vitenskapelige mellomstillinger".

Søknadsfrist: 17.8.2014

Stillingsomtale

Det medisinsk-odontologiske fakultet ved Universitetet i Bergen har fem institutt. Ved Institutt for klinisk odontologi er hovudoppgåvene forskning, forskarutdanning, formidling og utdanning av tannlegar og tannpleiarar, samt spesialist-/spesialutdanning i kliniske odontologiske fag. Odontologisk klinikk er ein del av instituttet.

Institutt for klinisk odontologi har ca. 65 årsverk fordelt på ca. 30 personer i vitenskaplege stillingar, ca. 15 stipendiatar og 17 i teknisk/administrative stillingar. Instituttet har hovudbase i Årstadveien 19, men deler av verksemda er lokalisert til Overlege Danielssens hus i Årstadveien 21.

Den som vert tilsett vil få undervisningsoppgåver i fagområdet oral kirurgi og oral medisin i samsvar med gjeldande studieplanar. Seksjon for oral kirurgi og oral medisin har for tida 3,6 vitenskaplege stillingar. Seksjonen har eit nært samarbeid med Kjevekirurgisk avdeling, Haukeland universitetssjukehus.

Undervisningsdelen omfattar grunnutdanning for tannlege- og tannpleiestudentar, og etter- og spesialistutdanning av tannleger. Seksjonen både driv og har det faglege ansvaret for eit femårig studieprogram, som kvalifiserer til spesialistgodkjenning i oral kirurgi og oral medisin. Programmet har for tida seks studentar.

Endringar i studieplanen for grunnutdanninga har ført til oppmjuking av grensene mellom tradisjonelle fagområde og forandringar i undervisningsoppgåver. Dette vil også kunne føre til endringar av oppgåver for den einskilde vitenskaplege tilsette. Samarbeid med andre seksjonar er prioritert.

Forskningsaktiviteten ved instituttet er organisert i større prosjekt. Desse tematiske satsingsområda omfattar orale slimhinnelidingar, kraniofacial utvikling og funksjon, biomaterialar, orale infeksjonar og helse åtferd. Eit Senter for klinisk odontologisk forskning er etablert, mellom anna som eit knutepunkt for koordineringa. Søklarar med forskningsbakgrunn innan oral kirurgi og oral medisin vil verte sette framfor andre.

Kvalifikasjonskrav

For å verte tilsett som førsteamanuensis må ein ha relevant norsk doktorgrad eller tilsvarende kvalifikasjonar, og være godkjent spesialist i oral kirurgi og oral medisin. Det vert vidare kravd dokumentert vitenskapleg kompetanse i samsvar med kompetansekrav for vitenskaplege stillingar ved Det medisinsk-odontologiske fakultet.

Søklarar må kunne dokumentere omfattande klinisk erfaring og klinisk og teoretisk undervisningserfaring. I tillegg vil administrativ erfaring, leiareigenskapar og evne til samarbeid verte vektlagt.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk, og den som vert tilsett må kunne undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk.

Ansvarsområde og arbeidsplikter

Den som vert tilsett har plikt til å drive forskning, teoretisk og klinisk undervisning, rettleiing, eksamensarbeid og administrative oppgåver etter gjeldande retningslinjer. Den som vert tilsett vil få særleg undervisningsplikt i fagområdet oral kirurgi og oral medisin og undervisningsblokkene kjeve- og slimhinnelidingar, og klinisk innføringskurs.

I følgje generelle regler ved universitetet kan den som vert tilsett innanfor si normale arbeidsplikt og faglige kompetanse også bli pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Universitetsstyret understrekar at pedagogiske kvalifikasjonar skal tilleggast reell vekt ved tilsetjing i vitenskaplege mellom- og toppstillingar. Søklarane må dokumentere sine pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan ein til dømes gjere ved å leggje ved:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkeren si undervisning
- oversyn over undervisningsomfang og nivå
- oversikt over mastergrads- og doktorgradsrettleiing, samt resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendium og undervisningsmateriell
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning
- så som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Tilsetjing skjer på grunnlag av vurdering av vitenskapleg nemnd samt ei sjølvstendig vurdering av tilsetjande mynigheit inkludert intervju og eventuell prøving av dugleik i undervisinga.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: